

Møre og Romsdal fylkeskommune

Gjermundnes vgs

Årsmelding skoleåret 2025-26

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 3

2.1 Organisasjonen 3

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 3

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 5

3. Læringsmiljø 7

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 7

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 9

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 11

4. Skoleårsresultat 13

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 13

4.2 Karaktersnitt 14

4.3 Fråvær 15

4.4 Elevar som har slutta 16

4.5 Overgangar 17

5. Leiing og profesjonsutvikling 20

1. Rektor har ordet

Gjermundnes vidaregåande skule er plassert midt i fylket og er den einaste skulen som tilbyr grønt naturbruk på vg2- og vg3-nivå. Det betyr at skulen vår har eit stort ansvar for å gje elevane våre kompetanse som skal sikre trygg og sikker levering av mat til innbyggarane i fylket vårt i åra som kjem. I ei tid med fokus på beredskap og mål om å auke graden av sjølvforsyning er det viktig at vi greier å rekruttere ungdom til ei spennande framtid innan landbruket og landbruksrelaterte næringar. Vi må også gje dei kunnskap som gjer at dei forvaltar ressursane på ein best mogleg måte.

Vi er derfor veldig glade for at Møre og Romsdal fylkeskommune har invitert Gjermundnes vgs til å delta i det europeiske innovasjonsprosjektet Circulandia, der vår rolle blir å teste ut metodar for regenerativt landbruk og å prøve ut nye undervisningsopplegg. Dette arbeidet vil på sikt vere med på å gje elevane våre oppdatert og forskingsbasert kunnskap. Målet er at denne kunnskapen også skal formidlast ut til næringa og utover fylkesgrensa.

Søkjartala på vg1 held fram med å stige. Ved inngangen til skulestart 2026 har skulen fleire elevar enn vi har hatt på mange år. Vi opplever at fleire av elevane no er motiverte for å skape seg ei framtid innan det grøne naturbruket.

Teknologi- og industrifag er det andre programområdet ved skulen vår. Tilbodet er viktig for å sikre rekruttering til verfta i skipsbyggarkommunen Vestnes. Vi samarbeider tett med næringslivet om utplasseringsplassar til alle elevane på dette programområdet.

Ved skulen vår har vi fokus på at elevane skal oppleve ein inkluderande praksis i skulekvardagen. Vi er derfor stolte og glade for å ha blitt sertifisert som dysleksivennleg skule våren 2026. Med det nådde vi eitt av måla i handlingsplanen vår som vi har jobba fokusert mot dei siste åra.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	22,41
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,75
Tal på årsverk andre tilsette	15,93

Tala på årsverk i tabellen er ved utgangen av skuleåret våren 2026. Etter ein periode med konstitueringar i leiinga, er alle i leiinga no fast tilsette. Den siste tilsettinga kom på plass i november 2025. Stabilitet i leiinga er viktig for å ha kontinuitet i utviklingsarbeidet skulen skal drive. Leiinga består av ein mann og fire kvinner.

Gjermundnes har ei stor avdeling for alternativ opplæring sett opp mot størrelsen på skulen. Skulen har fleire tilsette med spesialpedagogisk kompetanse tilknytt denne avdelinga. Av årsverk andre tilsette, er 5,83 årsverk knytt til opplæringa. Dei resterande årsverka er knytt til internat, kjøkken og gardsbruk.

Det er god kjønnsfordeling blant dei pedagogisk tilsette, med om lag 50% kvinner og 50% menn. Når det gjeld årsverk andre tilsette, er kjønnsfordelinga litt annleis. Det er stor overvekt av kvinner som fagarbeidarar og assistentar i opplæringa, på kjøkkenet og internatet. På garden er det kun menn som er tilsett.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Naturbruk	37	13	10	60
Teknologi- og industrifag	30			30
Bygg- og anleggsteknikk		10		10
Vaksenagronom				15
Alternativ opplæring	12		1	13

Total				128

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	8

Naturbruk er det klart største programområdet ved Gjermundnes vgs. Skuleåret 2025/2026 hadde vi 37 elevar på vg1, mot 30 året før. Dette er ein fin auke. På vg2 hadde vi ein nedgang, noko som er naturleg ut frå at vi hadde færre elevar på vg1 året før. Av 13 elevar hadde vi berre fire på Heste- og dyrefag. Vi fekk dispensasjon til å starte med færre enn seks elevar, sidan dette er det einaste tilbodet for desse elevane i fylket. Dei resterande elevane på vg2 naturbruk gjekk Landbruk- og gartnarnæring.
Elevane på vg2 Bygg- og anleggsteknikk går anleggsgartnarlinja. Året før hadde vi ikkje nok søkjarar til oppstart av denne klassen. Det er etterspurnad etter lærlingar i bransjen, så det er gledeleg at interessa for tilbodet har auka. Skuleåret 2025/2026 hadde vi ikkje påbyggklasse på Gjermundnes. Ved innsøking våren 2026 vart påbygg etter yrkeskompetanse tatt inn i tilbodsstrukturen. Vi har kvart år hatt søkjarar med yrkeskompetanse til påbygg, men sidan dette ikkje har vore inne i tilbodsstrukturen, har dei ikkje hatt ungdomsrett ved vår skule. Det er viktig å ha fått dette på plass, slik at grunnlaget for påbygg blir meir stabilt.

Gjermundnes har ein undervisningsarena som er svært godt eigna til å gje eit variert, praktisk og individuelt tilpassa opplæringsløp til elevar med samansette behov. Det gjer at vi har ei relativt stor gruppe elevar som treng ein alternativ skulekvardag. Det er høg trivsel i denne elevgruppa, og elevane gir sjølve uttrykk for at dette er eit opplæringstilbod dei set stor pris på. Etter avslutta skulegang går elevane i ulike retningar, til dømes ut i tilrettelagt jobb, som lærekandidat eller til kommunale dagtilbod.

På teknologi- og industrifag hadde vi to klassar. Vi hadde også nytt opptak til vaksenagronomkurset vårt. Her opplevde vi stor interesse med dobbelt så mange søkjarar som plassar. Dette er eit viktig tilbod for vaksne som ønskjer å tileigne seg yrkeskompetanse som agronomar.

Åtte elevar hadde vedtak om særskilt språkopplæring. Den særskilte språkopplæringa har vore løyst ved å gje dei tilbod om språkopplæring i grupper i kombinasjon med ordinær opplæring.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Skole 2024-25	Skole 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	1,0%	11,9%	11,4%
0 - 25	11,1%	4,5%	2,7%
25 - 30	20,4%	10,4%	4,7%
30 - 35	31,5%	20,9%	11,1%
35 - 40	16,7%	29,9%	16,8%
40 - 45	9,3%	11,9%	22,3%
45 - 50	9,3%	10,4%	17,9%
Over 50	0%	0%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Gjermundnes vgs	39,5	36,7	36,4	33,3	35,4
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som tabellen over viser, har Gjermundnes elevar som i snitt ligg fleire grunnskulepoeng under fylkessnittet. Vi ser at det er ein naturleg variasjon i grunnskulepoeng frå år til år. Snittet i år var to grunnskulepoeng over fjoråret.

Sjølv om snittet har gått opp, er det større sprik mellom elevane enn tidlegare. Vi har fleire elevar frå 35 grunnskulepoeng og oppover (ingen over 50), men også fleire som kjem inn med 0 eller ingen grunnskulepoeng. 11,9% av elevane har 0 eller ingen grunnskulepoeng. Vi ser at det samsvarar med trenden i fylket. Denne utviklinga gjer at det blir stilt store krav til tilrettelegging i undervisninga dersom ein skal treffe alle elevane på deira nivå. Vi har mange elevar som treng tett oppfølging, særleg i fellesfaga. Inneverande år var det særleg matematikkfaget som utfordra oss. Vi har også kvart år mange elevar som treng tilrettelegging og opplæring i bruk av kompenserande hjelpemiddel knytt til lesing og skriving. Vi jobbar kontinuerleg med å heve kvaliteten på tilrettelegging innanfor rammene av den ordinære opplæringa, slik at flest mogleg skal oppleve meistring inkludert i fellesskapet. Våren 2026 fekk skulen sertifisering som dysleksivennleg skule.
I alt arbeid med tilrettelegging har vi eit tett og svært godt samarbeid med skulen sin PPT-rådgjevar.

3. Læringsmiljø

Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Først er det viktig å informere om at dei offentlege resultata som kjem fram via lenka over er svært misvisande for vg3 på Gjermundnes. Grunnen er at Elevundersøkinga har svært strenge prikkereglar som skal hindre identifisering av enkeltelevar ut frå resultata.
På vg3 er ikkje indikatorane for meistring og fagleg utfordring offentleg. Det gjer at samleskåren for alle læringsmiljøindikatorar på vg3 blir heilt feil. I tillegg kjem at vi dette året hadde berre ein klasse på vg3, sidan vi ikkje hadde påbyggsklasse. Det gjer at det er vanskeleg å samanlikne resultata med fjoråret på dette trinnet.

Resultata for alle tre trinna viser at vi må jobbe vidare med vurdering for læring. På vg1 og vg2 ligg vi litt under snittet for landet på denne indikatoren. På vg3 ligg vi dette året langt under. I fjor hadde vi ein gledeleg oppgang på vg1, men i år hadde vi ein nedgang. Også resultata frå undervisningsevalueringa på skulenivå viser at vi framleis må halde fokus på å utvikle oss på dette området, særleg gjeld det å involvere elevane i vurdering av eiga læring.

Vi har over tid jobba med å gje elevane betre tilpassing, slik at fleire skal oppleve at dei meistrar oppgåvene dei får og i større grad skal greie å jobbe sjølvstendig i læringsarbeidet. Målet er at dette skal føre til auka oppleving av motivasjon og meistring. Vi hadde håpa at dette også skulle visast att i elevundersøkinga, men så langt er det svært små svingingar på Vg1 frå det eine året til det neste. Vi ser at motivasjonen på vg1 er marginalt høgare enn i fjor (3,5 mot 3,4), medan opplevinga av meistring har gått marginalt ned (3,7 mot 3,8). Vi hadde dette året fleire elevar enn tidlegare med utfordringar i matematikk. Det kan kanskje vere grunn til å tru at opplevinga av meistring kan henge saman med enkeltfag, men det er viktig å understreke at dette berre er tankar vi har gjort oss. Vi vil halde fram med å jobbe målretta med ein inkluderande praksis.

Våren 2026 fekk vi sertifisering som dysleksivennleg skule. Kjenneteikn på dysleksivennlege skular er mellom anna at dei har eit inkluderande og aksepterande miljø. Sertifiseringa forpliktar oss derfor også på miljø, ikkje berre på tilrettelegging.

Elevundersøkinga viser at elevane på alle trinn opplever stor grad av støtte frå lærarar. Støtte frå lærar er ein viktig faktor for å oppleve meistring i skulekvardagen. På vg1 ligg vi på landssnittet og på vg2 og vg3 ligg vi over landssnittet på denne indikatoren.

I fjor rapporterte 8,6% av elevane på vg1 om mobbing. I år er talet 7,5%. Snittet for elevar på vg1 yrkesfag i Møre og Romsdal er 7,7%. 4,7% rapporterte om å ha blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane, medan 4,6% rapporterte om digital mobbing. På vg2 og vg3 var det ingen som rapporterte om mobbing. Resultatet er i tråd både med talet på aktivitetsplanar og informasjon vi fekk gjennom den ikkje-anonyme førebyggande læringsmiljøundersøkinga Spekter som vi gjennomfører kvar haust. I elevundersøkinga rapporterer 3,1% av elevane om mobbing frå vaksne. Ein elev rapporterer om at det skjer omtrent ein gong i veka og ein elev svara to til tre gonger i månaden. Mobbing frå vaksne er svært alvorleg og dette er derfor eit av spørsmåla vi også kartlegg gjennom Spekter. Der vart det også rapportert om mobbing frå vaksne. Sidan den undersøkinga ikkje er anonym, er den enklare å følgje opp. Etter oppfølgingssamtalar viste det seg at ingen av sakene var reelle mobbesaker. Vi tar likevel tala frå Elevundersøkinga på alvor og jobbar kontinuerleg med å skape gode relasjonar mellom elevar og vaksne på skulen. Vi skårar elles høgt på undervisningsevalueringa på spørsmål om læraren møter elevane med respekt og omtanke. Vi jobbar systematisk med læringsmiljøet for å hindre mobbing, noko som vil bli utdjupa i punkt 3.2.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	3
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Vi har generelt lav terskel for å skrive aktivitetsplanar ved Gjermundnes. Vi tenkjer det å skrive ein aktivitetsplan er til god hjelp i arbeidet med å strukturere oppfølginga av elevar i læringsmiljøsaker. Alle sakene vart avslutta i løpet av skuleåret.

Vi jobbar kontinuerleg og systematisk med læringsmiljøet. Vi har fleire tiltak i handlingsplanen vår knytt til dette arbeidet. Følgande er gjennomført dette skuleåret:

- Klasselærarråd og resultatoppfølgingsmøte (RO-møte). Vi har faste samarbeidsmøte for alle klassane ved skulestart og resultatoppfølgingsmøte fire gonger årleg. I desse møta er det gjennomgang av fråvær og fare for stryk/ikkje vurdering. Frå og med hausten 2023 innførte vi også eit skjema med kartlegging av sårbare elevar som fast punkt i RO-møta. Det er til god hjelp for å fange opp bekymring rundt enkeltelevar og å kunne sette inn tiltak ved behov.
- Faste møte i ressursteam og SIM-team. I SIM-team sit rektor og dei pedagogiske avdelingsleiarane i lag med PPT. I ressursteam er i tillegg rådgjevar og internatleiar med. For å kunne følgje opp internatelevane på ein god måte er det avgjerande at skule og internat kommuniserer og samarbeider godt. Vi vil også framheve det gode samarbeidet vi har med PPT. Det er konstruktivt og godt, og opplevast svært nyttig for skulen. Helsesjukepleiar blir innkalla ved behov, sidan denne ressursen er avgrensa til fire timar annakvar veke. Den tida ønskjer vi i første rekkje skal prioriterast til direkte kontakt med elevane.

- Vi har rutinar rundt bekymring for elevar med suicidale tankar eller handlingar (ein rutine for skule og ein for internat) og lokal rutine for handtering av rus (eit tillegg til den fylkeskommunale rusplanen).
- Hausten 2025 gjennomførte rådgjevar og internatleiar KORUS si Kjentmannopplæring. Kjentmannopplæringa skal gje skulen gode verktøy for å komme tidleg på banen dersom elevar slit med rus. Etter denne opplæringa har dei to fått rolla som «kjentmenn» på Gjermundnes. Dei gjennomfører russamtalar og er kontaktpersonar for alle som har bekymringar eller spørsmål knytt til rus. Begge to er i tillegg MOT-coachar og har utvikla ei eiga økt knytt til rus. Internatleiar jobbar no også som miljøterapeut på dagtid, noko vi ser er svært verdifullt i forhold til å sjå samanhengen mellom det som skjer i skule og det som skjer på fritida for elevane som bur på internatet.
- Vi gjennomfører den førebyggande delen av den ikkje-anonyme læringsmiljøundersøkinga Spekter kvar haust. I tillegg kan vi bruke Spekter ved behov for meir kartlegging i enkeltklassar. Den viktigaste delen av Spekter er analysearbeidet og oppfølgingssamtalane med elevane. Analysen er til god hjelp i arbeidet med å skaffe oss overblikk over relasjonane mellom elevane.
- Vi har MOT-programmet på Gjermundnes. MOT-programmet er eit verktøy med mål om å bygge meir robust ungdom. Vi har utdanna fire MOT-coachar på skulen, og vi har ni elevar som har fått utdanning som unge MOTivatorar. Dei skal vere synlege i elevmiljøet, skape positive aktivitetar og ha eit auge for utanforskap. I tillegg har MOT økter med personalet. Nyare forsking knytt til effekten av MOT vil snart bli publisert, noko det skal bli spennande å følgje med på. På Gjermundnes erfarer vi at MOT er eit godt verktøy for å jobbe systematisk med læringsmiljø og relasjonar i alle klassar. I tillegg brukar vi VIP-makkerskap ved oppstart i alle klassar og makkerordning heile skuleåret på vg1.
- Vi har felles standardar i alle klasserom og på læringsarenaene ute i praksis. Målet er at felles standardar skal gje elevane større kjensle av forutsigbarheit og trygge rammer i læringssituasjonane.

- Kontaktlærar gjennomfører samtalar med alle elevar om mål og motivasjon ved starten av skuleåret.
- PPT-rådgjevar og rektor gjennomførte «Tankevirus» med elevane på vg2 og vg3. For mange elevar er det viktig å forstå meir av seg sjølv og korleis tankane våre formar oppfatninga av både oss sjølve og omverda.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	18
Møter i skoleutval	2
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	Skuleutval og skulemiljøutval er det same

Elevrådskontakten ivaretar det administrative arbeidet med elevrådet. Det er ein lærar som har denne oppgåva. Rektor har hatt jamlege møte med elevrådsleiar om saker og har gjennom året deltatt i enkeltmøte med elevrådet. Skulen har eit aktivt elevråd med ein engasjert leiar. Elevrådet har hatt mange møte og jobba med ulike aktivitetar og saker. Dei jobba også saman med dei unge MOTivatorane i samband med planlegging av arrangement. Siste skuleveka hadde dei saman ansvar for å planlegge og gjennomføre ein aktivitetsdag med teambuildingsaktivitetar på tvers av elevgruppene. Dette gjennomførte dei på ein svært god måte. Elevrådsleiar var sjølv ung MOTivator, noko som har gjort kommunikasjonen mellom elevråd og MOT enklare. Elevrådet arrangerer i tillegg juleball for alle elevane, der inkludering av alle er ein føresetnad for gjennomføring. Skulen hadde ikkje påbygg dette året og hadde ingen russegrupper.

MOT-coachene har jamleg oppfølging av dei unge MOTivatorane. Her er læringsmiljø og trivsel i fokus og det blir lagt stor vekt på elevstemmene. Det er elles lav terskel for å ta

kontakt med avdelingsleiarar og rektor i kvardagen, og vi opplever at mange elevar kjem innom dersom det er noko som opptar dei. Vi opplever at elevane også har lav terskel for å gje beskjed dersom dei er urolege for at medelevar ikkje har det trygt og godt. Dersom vi skal ha god oversikt over læringsmiljøet, er vi avhengige av at det er tillit mellom elevane og leiinga. Det vil vi jobbe for å oppretthalde framover.

Alle elevane er inkluderte i elevundersøkinga. Gjennomføringa vart tilrettelagt på ulike måtar slik at alle elevar skulle få høve til å svare på spørsmåla. Resultata frå elevundersøkinga er blitt tatt opp og drøfta i elevråd og skuleutval. Elevrepresentantane er viktige stemmer inn i skuleutvalet. Alle elevane gjennomførte også Spekter-undersøkinga. Spekterundersøkinga blir fulgt opp med elevar på individnivå, men også på systemnivå viss det viser seg at det er utfordringar som berører eit større miljø.

Undervisningsevalueringa vart fulgt opp i medarbeidarsamtalane. Vi vil framover jobbe med å involvere elevane meir i resultata frå undervisningsevalueringa.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	84,0%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk		100%		100%
Naturbruk	81,1%	84,6%	100%	85,0%
Teknologi- og industrifag	76,7%			76,7%
Total	79,1%	91,3%	100%	84,0%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Gjermundnes vgs	88,6%	88,7%	83,7%	81,9%	84,0%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

I skulen sin handlingsplan er måltalet for gjennomføring på over 80%. Vi har sett dette målet fordi vi meiner det er eit realistisk mål ut frå føresetnadane (grunnskulepoenga) som elevane kjem inn med. I år har vi gjennomføring på 84%, som er ein auke frå i fjor. Vi har med det nådd målet vårt.

I år er det særleg gledeleg at vi hadde 100% gjennomføring på Vg2 Anleggsgartnar og på Vg3 Landbruk. Også vg2 naturbruk hadde god gjennomføring. På vg1 har vi lågare

gjennomføring. Gjennomføringsprosenten på teknologi- og industrifag er nede på 76,7. Det er likevel litt over forventningsindikatoren på 75,2%.

Forventningsindikatoren for naturbruk viser ei forventa gjennomføring på 79,2% for Vg1. Her var det 81,1% som gjennomførte.

Hovudårsak til den relativt lave gjennomføringsprosenten på vg1 totalt sett er at fleire elevar enn tidlegare strauk i matematikk. Vi sette inn ekstra tiltak i faget, men vi ser at det er svært utfordrande å stå i matematikk dersom ein har store hol i faget frå grunnskulen.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Naturbruk	3,94
Bygg- og anleggsteknikk	3,66
Teknologi- og industrifag	3,42

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Gjermundnes vgs	4,18	4,02	4,09	3,83	3,75
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Gjermundnes har gjennomgåande eit lavare karaktersnitt enn karaktersnittet for fylket. Det er naturleg, sidan elevane ved inntak i snitt også har lavare grunnskulepoeng. Karaktersnittet har gått litt ned frå fjoråret. Snittet er høgast på naturbruk og lavast på

teknologi- og industrifag. Det er ikkje store variasjonar frå året før. Vg3 naturbruk skil seg ut med eit snitt på 4,59.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,6	37,5	7,3%
Vg1	6,9	37,8	7,5%
Vg2	5,4	40,5	7,0%
Vg3	7,5	28,7	6,9%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Gjermundnes vgs	3,1%	8,2%	10,2%	10,1%	7,3%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er gledeleg at fråværet er lavare enn i fjor. Det er framleis for høgt, men det ligg ikkje lenger så langt unna fylkessnittet. Som tidlegare år ser vi at det er ein samanheng mellom høgt fråvær og det å ikkje fullføre og bestå året. Mange av elevane våre bur på internat. Dette skuleåret jobba internatleiar også i skulen på dagtid. Vi ser at vi då får til betre oppfølging av elevane som bur på internatet. Vi har nattevakter som etter avtale vekkjer enkeltelevar før dei går av vakt, men det gjeld berre elevar som har særskilt behov for oppfølging.

Vi har elles faste rutinar for oppfølging av fråvær og har som målsetting å vere ekstra tett på dei første vekene for å fange opp elevar med høgt fråvær så tidleg som mogleg. I tillegg er fråvær tema på dei faste resultatutviklingsmøta (RO-møte) som vert haldne fire gonger i året.

Vi ser elles ei utvikling der fleire elevar enn tidlegare har ein historikk med ufrivillig skulefråvær i grunnskulen. Tett og god oppfølging er nødvendig, og vi ser at vi må jobbe vidare med dette for å førebygge fråvær og fråfall. Ikkje minst er det svært viktig med eit godt samarbeid med heimen til elevane som ikkje er myndige.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
5,0%	5

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Gjermundnes vgs	5,7%	1,9%	6,1%	7,6%	5,0%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

4.5 Overgangar

Gjermundnes rekrutterer elevar frå heile fylket og må derfor tenkje litt annleis rundt overgang frå ungdomsskulen. Vi kan ikkje etablere så tett kontakt som vi gjerne skulle ønskje, men har dei siste to åra fått til eit tettare samarbeid med ungdomsskulane i kommunen. I samarbeid med ungdomsskulane og Vestnes Næringsforum arrangerte vi hausten 2025 ei kommunal yrkesmesse på Gjermundnes der alle elevar på 10. steg deltok. I tillegg er messa obligatorisk for våre eigne elevar på vg1 og vg2. Her får dei møte eit breitt utval av næringar. Rauma vgs deltar også på denne messa.

Gjermundnes deltar elles på utdanningsmesser i alle delar av fylket. Det er ikkje alle potensielle elevar som reint praktisk får til å besøkje Gjermundnes i løpet av hospiteringsvekene for 10.steg. Vi tar derfor etter avtale imot elevar som ønskjer å komme på besøk heilt fram til søknadsfristen. Vi inviterer også til open kveld i januar.

Vi ser at mange elevar har eit stort behov for å besøke skulen og bli godt førebudde før dei møter til skulestart om hausten. Det blir gjennomført overføringsmøte med alle elevar som søkjer på A-skjema. Alle som søkjer med B-skjema får tilbod om møte med skulen. Nokre elevar har behov for fleire møte eller besøk før skulestart. Det er viktig at skulen får god informasjon om elevane for å kunne ta imot dei på ein god måte. Informasjonen blir vidareformidla til teamet rundt elevane under planleggingsdagane.

I løpet av første skuleveke skal kontaktlærar ha ein kort individuell samtale med alle sine kontaktelevar. Denne samtalen handlar om motivasjon, mål og kva eleven treng av støtte frå skulen for å nå målet sitt. Ganske raskt etter skulestart blir det halde klasselærarråd i alle klassar for å fange opp eventuell utfordringar så tidleg som mogleg. Elevar med behov for tilrettelegging knytt til lesing og skriving, har individuelle møte med avdelingsleiar for spesped i løpet av dei første vekene. I tillegg gjennomfører rådgjevar korte samtalar med alle elevane.

For ein del kan overgangen til internat og det å flytte heimanfrå vere stor. Vi har dei siste åra sett ei utvikling der elevane er mindre sosiale. Det prøvar vi å motverke med å utvide

tilbodet av aktivitetar på kveldstid.

I overgangen mellom dei ulike trinna er det særleg rådgjevar og kontaktlærarane som er sentrale. Elles følgjer overføring mellom trinna på eigen skule eit fast mønster med infomøte og overføringsmøte mellom kontaktlærarane.

Utplassering og overgang til yrkesliv

Vi legg vekt på at elevane skal få relevant yrkeserfaring allereie på vg1. I år var alle elevane (med eitt unntak) utplasserte i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Vi har lenge hatt eit tett og godt samarbeid med verftsindustrien i Vestnes. Dei tar imot mange av elevane som går teknologi- og industrifag. I år var også alle vg1-elevane på naturbruk utplasserte. Det er vi veldig glade for å ha fått på plass. Utplassering allereie på vg1 er med på å gjere det lettare for elevane å velje retning vidare. I tillegg er det viktig for elevane å bli betre kjent med potensielle lærebedrifter og framtidige arbeidsplassar.

Det blir jobba godt med formidlinga av lærlingar. Formidlingskontakten og YFF-lærar tar tidleg kontakt med elevane på vg2 som er aktuelle kandidatar for læreplass og dei får god hjelp og støtte i prosessen med å skaffe læreplass. Vi er veldig glade for å kunne melde at alle elevar vart formidla til læreplass i år.

Elevane på landbruk har eit løp med vg3 i skule som gir yrkeskompetanse som agronomar. For desse elevane er kontakt med næringa svært viktig. Dei har derfor utplassering to veker i løpet av skuleåret sjølv om dei ikkje har faget yrkesfagleg fordjuping.

Elevane på alternativ opplæring er også utplasserte. Som eit minimum er dei utplasserte i det siste året som elev ved Gjermundnes. Elevane prøvar ulike arbeidsplassar for å finne ut kva dei trivast med. Utplassering er viktig også for å gjere overgangen til eit yrkesliv eller tilrettelagt arbeidstilbod etter endt skulegang lettare. Elevar som ønskjer utplassering tidlegare i skuleløpet, får høve til det. Alle elevane med alternativ opplæring har med seg støtte frå skulen ut i praksis. Denne støtta er i kortare eller lengre periodar, alt

etter behov.

Skulen samarbeider elles tett med næringslivet på fleire måtar, og er sjølv aktiv medlem i næringsorganisasjonane i landbruket der skulen er produsent. Næringsaktørar er representerte i skulen sitt skuleutval. Elevane er mykje ute på besøk i ulike bedrifter og hos ulike næringsaktørar. Vi leiger inn aktørar frå næringa som lærarar i delar av undervisninga på hestefag og i noko undervisning på vaksenagronomkurset. Elevane deltar på ulike næringskonferansar. I tillegg vel ulike aktørar frå landbruksnæringa å legge kurs, fag- og medlemsmøte til Gjermundnes. Elevane våre blir ofte inviterte til å delta på desse.

Vi samarbeider med oppdrettsnæringa om fasilitetar knytt til sjøbruk. Sjøbruk er ein integrert del av undervisninga på naturbruk på vg1.

Skulen er medlem av Vestnes Næringsforum, for gjennom det å vere med å utvikle det lokale næringslivet saman med andre medlemsbedrifter. Det er viktig for oss at også det lokale næringslivet er godt kjent med skulen.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Skuleåret 2025/2026 fekk vi ny oppdragsavtale frå skuleeigar. Ut frå den utarbeidde vi ein ny handlingsplan for skulen vår som var ferdig til skulestart hausten 2025. Det var viktig for oss å ha planen på plass allereie ved skulestart fordi jobben mot måla startar allereie i planleggingsveka. Vi valte å utarbeide en toårig plan fordi vi meiner det er viktig å jobbe langsiktig med utviklingsmåla til skulen. Elevane si læring og utvikling skal vere i fokus for utviklingsarbeidet.

I handlingsplanen valte vi å løfte inkluderande praksis opp som overordna mål, i lag med målet om gjennomføring på over 80%. Dette gjorde vi for å synleggjere at alt utviklingsarbeid og alle andre mål i handlingsplanen skal støtte opp under dei to overordna måla.

På Gjermundnes har vi fleire arenaer der vi jamleg drøftar pedagogisk praksis. Vi har vekentlege møte med det pedagogiske personalet, enten i fellesskap eller på dei ulike avdelingane. Pedagogisk praksis blir drøfta i klasselærarmøte, resultatoppfølgingsmøte, i leiarmøte, i SIM-team og i ressursteam. Hausten 2025 gjennomførte vi også kollegarettleiing.

Skuleåret 2025/2026 hadde vi i profesjonsfellesskapet særleg fokus på klasseleiing og inkluderande læringsmiljø. Det er allereie nemnt fleire gonger i årsmeldinga at skulen våren 2026 vart sertifisert som dysleksivenleg skule. Både fram mot sertifiseringsbesøket hausten 2025 og i etterkant vart det jobba med dette. Vi hadde i forkant hatt mykje fokus på å integrere bruken av kompenserande hjelpemiddel i skulekvardagen. Vi fekk gode tilbakemeldingar på dette arbeidet. Men etter sertifiseringsbesøket vart vi særleg utfordra på ein ting: det var observert for mykje formidlingsbasert undervisning og for lite elevaktivitet i klasseromssituasjonane. I etterkant av besøket måtte vi lage ein plan for korleis vi skal jobbe for å endre dette. Dette arbeidet prøvar vi å knytte tett opp mot arbeidet med vidareutvikling av vurderingspraksis.

MTM vart gjennomført hausten 2025. Undersøkinga ga skulen eit godt grunnlag for å jobbe med utviklingsområde i personalgruppa. Ein del tid vart sett av til oppfølging og arbeid med undersøkinga. Sjølv om arbeidet ikkje er direkte elevrelatert, har det stor betyding for elevane korleis dei vaksne har det på jobb. Eit godt arbeidsmiljø er også heilt avgjerande for at profesjonsfellesskapet skal oppleve psykologisk tryggleik til å prøve og feile, noko som er grunnlaget for at utvikling skal kunne skje.

Gjermundnes vgs har gjennom skuleåret jobba med å utvikle eit tettare samarbeid med Rauma vgs. Leiinga på dei to skulane har hatt felles leiarmøte om lag ein gong i månaden for å sjå på samarbeidsmoglegheiter og felles ressursutnytting. I februar hadde vi felles personalsamling for begge skulane i Ålesund med tema KI og tilrettelegging/tilpassa undervisning leia av Magnus Nohr. Dette arbeidet vart fulgt opp i etterkant gjennom samarbeid i faggrupper. På kveldstid var vi samla til teambuildingsaktivitet og felles middag. Vi ser at det er viktig å bli godt kjent dersom samarbeidet skal fungere godt. Vi har fått på plass gode fagsamarbeid på nokre område, og vil halde fokus på dette arbeidet vidare.

Gjermundnes er i tillegg med i to store utviklingsprosjekt knytt til naturbruk. Det eine vart omtala i fjorårets årsmelding. Det er det nasjonale prosjektet «Styrket landbruksutdanning». I tillegg inviterte Møre og Romsdal fylkeskommune oss på tampen av skuleåret inn i det europeiske innovasjonsprosjektet «Circulandia». Her er også NORSØK inne som ein samarbeidspart. Begge prosjekta krev at vi utviklar oss og tenkjer nye tankar knytt til behovet for kompetanse i næringa framover.

Dette skuleåret har ein lærar fullført si pedagogiske grunnutdanning og ein lærar fullført vidareutdanning innan spesialpedagogikk. Dette er nødvendig og verdifull kompetanseheving for skulen.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Tone Syltebø, rektor

mrfylke.no